



PRINSIPP- OG HANDLINGSPROGRAM 2023-2026



INNHALDSLISTE

Innleiing	2
1. Tryggleik for arbeid og inntekt	3
1.1 Faste, trygge jobbar	3
1.2 Tariff og lønsvilkår	4
1.3. Pensjon	5
2. Faglege rettar og krav	6
2.1 Lov- og avtaleverk	6
2.2 Medråderett	7
2.3 Arbeidstid	8
2.4 Arbeidsplassutforming	8
2.5 Arbeidsmiljø og inkluderande arbeidsliv	9
3. Ei god forvaltning	10
3.1 Forvaltninga sine rammevilkår	10
3.2 Styring og leiing av forvaltninga	11
3.3 Digitalisering	13
4. Klima, miljø og det grønne skiftet	14
5. Høgare utdanning og forskning	16
6. Velferd, like moglegheiter og løysingar for fellesskapet	18
6.1 Velferd og like moglegheiter	18
6.2 Privatisering og utskiljing	19
6.3 Arbeidslivskriminalitet og svart økonomi	19
6.4 Mangfald og likeverd	20
6.5 Likestilling	21
6.6 Aktivt og førebyggjande arbeid for likestilling	21
og mot diskriminering	22
6.7 Skule og barnehage	22
6.8 Kultur	23
6.9 Samfunnstryggleik og beredskap	24
6.11 Internasjonal politikk og samarbeid	25
7. Eit sterkt NTL	26
7.1 Organisering og rekruttering	26
7.2 Gode tillitsvalde	27

INNLEIING

Arbeidet til NTL bygger på prinsipp frå arbeidarrørsla om fridom, likskap, solidaritet og eit demokratisk samfunn.

Menneske må ha moglegheit til å sjølje påverke arbeids- og livssituasjonen sin. Vi må derfor styrke og utvikle fellesskapsløysingane. NTL ønsker eit samfunn som gir god livskvalitet for alle i form av tryggleik og rettferd. Alle menneske er avhengige av eit felleskap som sikrar grunnleggjande behov for utdanning, arbeid, bustad og helsetenester. Velferdsstaten skal organiserast med mål om likeverdige tenester uavhengig av bustad, sosial bakgrunn eller økonomisk evne. Ein sterk velferdsstat gir eit trygt fundament der menneske har gode føresetnader for fridom til å skape sine egne liv.

Fagrørsla skal sette dagsorden og forme det norske samfunnet. Noreg er eit av landa i verda der det er minst ulikskap og der flest deltek i arbeidslivet. Gjennom eit organisert og regulert arbeidsliv og ein sterk velferdsstat, skapar vi i felleskap eit godt samfunn. Den norske staten fungerer godt, med høg effektivitet og lite korrupsjon. Noreg er eit land prega av tillit mellom menneske. Norske arbeidstakarar er svært produktive. Vi skal vere stolte av at vi er eit dei mest likestilte landa i verda. Det organiserte arbeidslivet er kjernen i den norske modellen. Samarbeid og tillit mellom partane mogleggjer utvikling av gode arbeidsplassar og felles løysingar. Sentralisert lønnsdanning og eit godt samarbeid mellom fagrørsla, arbeidsgivarar og politiske myndigheiter bidreg til mindre lønnsforskjellar og tryggare arbeidsplassar.

Den norske modellen er under press. Fellesskapsløysingar i form av velferdsordningar blir stramma inn og den enkelte får meir ansvar for eiga velferd. Vi ser ei utvikling der skilnadene mellom folk aukar. Noreg er i dag eit av landa i verda der det er minst ulikskap og der flest deltek i arbeidslivet. For å sikre dette, også i framtida, treng vi eit organisert og regulert arbeidsliv og ein sterk velferdsstat slik at vi kan sikre eit godt samfunn.

Interessesmotsetningane i arbeidslivet har blitt tydelegare dei siste åra. Aukande bruk av midlertidig tilsetning, underleverandørar, innleie og andre lause tilknytingsformar til ein arbeidsgivar gir rom for utnytting av arbeidstakarane. Det er eit aukande press på pensjonsordningar, lov- og avtaleverk og arbeidsgivarar ønsker å gjere lønnsdanninga langt meir individualisert. NTL skal vere et forbund som motverker disse trendene og vi skal samarbeide med andre organisasjonar med same formål.

I eit globalt marked tilbyr multinasjonale selskap tenester også i offentleg sektor. Dette kan undergrave finansieringa av velferdsstaten vår. Det bidreg også til å flytte avgjerder som gjeld arbeidskvardagen til den enkelte lenger unna arbeidstakarane.

Digitaliseringa endrar arbeidslivet. Digitaliseringa av samfunnet må underleggast demokratiske prosessar og innførast på ein måte som forbetrar tenestene til innbygarane og frigjer ressursar og arbeidskraft for å styrke velferda.

Klimaendringane er ein realitet som truar eksistensgrunnlaget til millioner av menneske og får ringverknadar langt utover dei hardest ramma områda. Omlegging av forbruksmønstre og arbeids- og produksjonslivet skjer ikkje fort nok til å dempe eller stoppe den globale oppvarminga. Noregs bruk av fossile energikilder gir oss eit særleg ansvar for å gå i front for det grønne skiftet.

Det er eit overordna mål for NTL at alle i samfunnet skal sikrast økonomisk uavhengigheit og sosial tilhøyring, og at alle som har arbeidsevne kan få arbeid. NTL skal kjempe for likestilling og like moglegheiter for alle. Vi krev eit godt og inkluderande arbeidsliv som brukar felles ressursar til beste for den enkelte og for samfunnet. NTL arbeider for å utvikle samfunnet i tråd med våre grunnprinsipp og vår politikk. Vi har dei beste moglegheitene i Norge, føresett at velferdsstaten og den norske modellen vert vidareutvikla som fundament for eit godt og demokratisk samfunn.

1. TRYGGLEIK FOR ARBEID OG INNTEKT

1.1 Faste, trygge jobbar

Fast jobb er grunnsteinen i arbeidslivet. Det skapar tryggleik for arbeidstakarane, stabilitet og kompetanse i verksemdene og bidreg til at maktbalansen i arbeidslivet blir jamnare. Den utbreidde bruken av midlertidige tilsette og eksterne konsulentar svekker arbeidstakarane sin posisjon på arbeidsplassen.

For å sikre arbeidstakarane fast tilknytning til arbeidslivet må lovverket styrkast. Lause tilknytingsformer og midlertidige tilsettingar gir rom for utnytting av arbeidstakarane. Retten til fast tilsetning må styrkast i arbeidsmiljølova, lova om statens tilsette og i tilhøyrande forskrifter. Stillingsvernet må styrkast. Arbeidsgivar- og arbeidstakeromgrepa må tydeleggjerast. Sosiale rettar og rammevilkår for oppdrags-takarar og frilansarar må betrast. Arbeidstakarar skal ikkje bli pressa til å bli sjølvstendig næringsdrivande. Intensjonen i lovverket om å tilsette færre midlertidig må følgast for å motverke at faste oppgåver blir utførte av andre enn eigne tilsette.

Retten til heiltid må styrkast. Deltidstilsette må sikrast reell moglegheit til å auke stillingsprosenten og gis fortrinnsrett ved ledigheit. Vikarar skal berre brukast ved tilsette sitt fråvær, ikkje som erstatning for faste tilsette. Bemanningsbransjen må bli forboden. Fast jobb utan lønn mellom oppdrag må bli forbode.

Innleie skal som hovudregel ikkje vere tillate. Den offentlege arbeidsformidlinga må gjenreisast. Målet er at all arbeidsformidling skal skje vederlagsfritt i offentleg regi.

Deltaking i arbeidslivet er nøkkelen til velstandsutvikling. Retten til arbeid må derfor vere reell for alle. Det må rettast særlege tiltak mot grupper der arbeidsløysa er høg, eller der det er stor fare for langtidsløysa. Som arbeidsgivar har staten eit særleg samfunnsansvar i tilfelle der arbeidsløysa blir konsekvensen etter nedleggingar, sentralisering og konkurranseutsetting.

1.2 Tariff og lønnsvilkår

Partane og myndighetene må arbeide for ei samfunnsmessig fornuftig lønnsdanning, der omsynet til sysselsetting og fordeling vert prioritert. Frontfagsmodellen er ein Hensiktsmessig/føremålstenleg måte å ivareta dette på. Ein viktig føresetnad for frontfagsmodellen er at arbeidstakarane får sin rettmessige del av verdiskapinga og at grupper som over tid har hamna etter, kan løftast spesielt. NTL ønsker ei samordna lønnsdanning basert på kollektive tariffavtalar der fordelinga vert forhandla mellom sentrale partar. Dette er ein føresetnad for å kunne bruke tariffoppgjera til å gjennomføre eller støtte opp under sosiale reformar og likelønntiltak. Det gjer det òg mogleg å sikre god fordeling mellom ulike grupper også på tvers av verksemdar og tariffområde. Kollektive, landsomfattande tariffavtalar er ein viktig forutsetnad for dette.

Alle skal ha ei lønn dei kan leve av, og alle skal sikrast lønnsvekst over tid. NTL meiner at utgangspunktet for avlønning først og fremst skal vere arbeidsoppgåver og ansvar. Ansiennitet skal vektleggast. Tariffsystemet må utformast for å ivareta dette. Både formell utdanning og realkompetanse skal verdsettast. NTL vil fjerne lønnskilnader som kjem av kjønn, etnisk bakgrunn eller tilfeldigheiter. Dette krev openheit om lønn og lønnsvilkår, tillitsvalde skal ha innsyn i lønnsoppløysingar for heile verksemda. Lønnstillegga må fordelast slik at skilnadene frå høgast til lågast blir redusert. NTL vil arbeide for lik lønn for likt og likeverdig arbeid og for utjamning av lønnskilnader mellom kvinner og menn. Dette sikrast best ved at lønnsdanninga skjer sentralt med størst mogleg generelle kronetillegg. NTL krev sentrale oppgjær som sikrar reallønnsvekst over tid.

Tariffsystema er først og fremst ei fordeling av verdiskapinga, ikkje eit lønningssystem for enkeltindivid. NTL vil motarbeide at lønnsfastsetting vert eit ledd i arbeidsgivarar mål- og resultatstyring.

Det er avgjerande at alle grupper vert omfatta av rammene for lønnsoppgjeret. Praksisen med å ta enkeltgrupper av arbeidstakarar ut av den ordinære lønsfastsettinga, inkludert leiarar, må derfor fjernast. All lønnsfastsetting og lønnsending skal vere gjenstand for forhandlingar mellom partane. NTL vil motsette seg lønnsystem som bygger på individuelle lønnstillegg og meiner derfor at generelle lønns- og arbeidsvilkår må forhandlast på eit nivå der arbeidstakarane har streikerett.

Det er ein føresetnad at lokal lønnsdanning skjer i forhandlingar mellom likeverdige partar med reelle tvistemoglegheiter. Også lokale og verksemdsvis lønnsoppgjær skal bidra til målet om å sikre alle reallønnsvekst over tid. Dei lokale lønnskriteria skal avtalast mellom partane innfor rammene av det kollektive avtaleverket. Kriteria må vere objektive, klare, føreseielege og kjende for alle tilsette. Kriteria skal ikkje erstatte eller stå i motsetnad til dei kollektive lønnsystema som er fastsette i tariffavtalane. I periodar der sentrale tillegg ikkje sikrar reallønnsvekst, er det endå viktigare å sikre dei sentrale måla i den lokale lønnspolitikken.

Lønnsystemet i staten må ivareta særpreget til staten og sikre sentrale verdiar for rettsstaten og den uavhengige rolla til demokratiet. NTL vil ha likelydande hovud tariffavtalar i staten med felles lønnsystem og felles arbeidsvilkår, så lenge dette kan sikrast innfor ramma av NTL sine tariffpolitiske prinsipp. Mekanismane i lønnsystemet må takast vare på og forbetrast og sikre lønnsutvikling over tid. Intervalla mellom lønnstrinna må jamnast ut. Det er viktig at det finst påliteleg statistikk som viser lønnsutvikling mellom grupper, kjønn og verksemdar. Dette bidreg til å sikre openheit om lønn i staten og gjer det mogleg å sette i verk tiltak for grupper, mellom anna for å sikre likelønn.

1.3. Pensjon

Alle skal ha rett til ein anstendig pensjon. Folketrygda, AFP og tenestepensjonsordningane må sikre det økonomiske grunnlaget for ein trygg og verdig alderdom for alle. NTL vil arbeide for eit pensjonssystem med ein sosial profil i tråd med folketrygda sine opphavlege intensjonar. NTL sitt krav og mål er framleis 66 prosent av sluttlønn ved 65 år med 30 års opptening.

NTL ønsker eit pensjonssystem som ikkje legg opp til privat, individuell sparing for å få ein anstendig pensjon. NTL krev eit spleiselag mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet for ei generell nivåheving av pensjonane.

Det må etablerast breie, kollektive tenestepensjonsordningar i privat sektor, med livsvarige og kjønnsnøytrale pensjonsytningar. Ordningane må regulerast i tariffavtale. Minstenivået i obligatorisk tenestepensjon (OTP) må hevast.

Pensjonsreforma si levealdersjustering fører til at ytingane frå folketrygda og dei offentlege tenestepensjonsordningane vert reduserte. Ikkje alle har moglegheit til å arbeide lenger for å kompensere for effekta av levealdersjusteringa. NTL vil derfor arbeide for endringar i pensjonsordningane for å bøyte på dette, mellom anna ved å fjerne levealdersjusteringa. Levealdersjusteringa er ei usosial reform som favoriserer yrkesgrupper med høg utdanning, som har lange yrkeskarrierar og eit yrkesliv som gjer det mogleg å stå i jobb også i høg alder. Samstundes straffar ho tradisjonelle arbeidaryrke der arbeidstakarane ofte har byrja i jobb i ung alder, men har eit yrkesliv som gjer at dei må gå av med pensjon når dei er noko yngre. Dei som er nøydde til å gå tidleg ut av arbeidslivet, må få ein pensjon som gjer dette mogleg. Mange kan ikkje stå i jobb til dei vert så gamle at dei har kompensert for levealdersjusteringa. NTL meiner derfor at pensjonane ikkje skal avkortast for dei som går av når dei er mellom 62 og 67 år. NTL skal arbeide for at det vert innført eit tillegg som sikrar dei som må gå av tidleg i offentlig sektor.

AFP-ordninga i offentlig sektor må vere ein reell tidlegpensjon. AFP-ordninga i privat sektor må forbetrast, slik at færre fell utfor ordninga på grunn av endringar i arbeidsgjevar eller oppteningskrav. Rettar tilsvarende vilkårsbestemt tenestepensjon i offentlig sektor må òg innførast i privat sektor. NTL krev at det vert sett i gang eit arbeid med ei nivåheving av pensjonane for dei som taper mest på å gå av tidleg.

Det må sikrast framleis gode uførepensjonsordningar i offentleg sektor. Uførepensjonsordningane i offentleg sektor må kompensere for bortfall av arbeidsinntekt, gi opptening til 67 år og sikre at uføre får ein trygg og føreseieleg pensjon.

Det er viktig at det blir etablert gode uførepensjonar òg innafor alle tariffområde i privat sektor.

Samfunnsmessige omsyn knytt til tryggleik og belastning på den enkelte gjer at det òg i framtida vil vere behov for at stillingar i offentleg sektor skal ha særaldersgrense. Arbeidstakarar som må forlate arbeidslivet tidleg på grunn av særaldersgrense, skal ikkje komme dårlegare ut samanlikna med andre grupper. Særaldersgrenser må sikre at alle arbeidstakarar som har store fysiske eller psykiske belastningar i jobben, eller som har jobbar som stiller spesielle krav til fysiske eller psykiske eigenskapar, vert ivaretekne.

Kravet om minst 20 prosent stilling i staten for medlemskap i Statens pensjonskasse og kravet om minst eitt års oppteningstid for oppsette rettar i offentleg tenestepensjon må fjernast, slik at pensjon frå første krone blir gjeldande òg for alle arbeidstakarar i staten.

2. FAGLEGE RETTAR OG KRAV

2.1 Lov- og avtaleverk

Lovene som regulerer arbeidslivet må bidra til å styrke arbeidstakarane sin innverknad på arbeidsplassen og sørge for ein jamnare maktbalanse i arbeidslivet. Medrårderett i arbeidslivet er ein demokratisk rett.

Arbeidsmiljølova må styrkast og vidareutviklast for å sikre dei tilsette sitt vern og tryggleik i arbeidsforholdet. NTL krev auka førebyggjande innsats for å hindre diskriminering og trakassering, inkludert seksuell trakassering. NTL krev tiltak og oppfølging når arbeidstakarar melder frå om diskriminering, trakassering, mobbing og andre kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidstakarar som varslar, skal vernast mot sanksjonar og gjengjelding.

Lov om statens tilsette inneber ei svekking av tenestemannsretten og stillingsvernet. Eit sterkt stillingsvern med høve til rettsleg prøving er avgjerande for å sikre innbyggjarane sin tillit til forvaltninga si faglege uavhengigheit. Retten til mindretalsanke i tilsetjingssaker må gjeninnførast. Tilgangen til mellombelse tilsetjingar er for vid og må avgrensast. Lov om statens tilsette må endrast, og rettane til statstilsette må styrkast.

Arbeidslivet treng sterke og breie kollektive avtalar for å fungere godt. Kunnskapen om hovudavtalane må bli betre for å sikre at dei blir praktiserte rett og for å sikre eit godt partssamarbeid. For å sikre god og felles forståing av lov- og avtaleverket skal det jamleg arrangerast felles opplæring for arbeidstakar- og arbeidsgivarsida i verksemdene.

Dagens sjukelønnsordning med full lønn under sjukdom må forsvarest. NTL vil ikkje akseptere nokon former for kutt i ordninga.

2.2 Medraderett

Hovudavtalane inneheld klare reglar for arbeidstakarane sin medraderett. NTL skal kjempe for at tilsette gjennom sine organisasjonar blir sikra medraderett på arbeidsplassen. NTL krev at medraderetten blir utvida og styrkt. Tillitsvalde må få tid til å utføre oppgåvene sine på ein god måte. NTL krev at vervet som tillitsvald skal likestillast med vanleg teneste, og at det blir vektlagt ved vidare teneste og karriere.

Arbeidslivet er i stadig endring og blir best utvikla gjennom aktiv bruk av dei tilsette si faglege kompetanse og kunnskap. Medraderett er avgjerande for å ivareta dei tilsette sine interesser og samtidig oppretthalde gode offentlege tenester. NTL aksepterer ikkje at innleigde konsulentar eller eksterne utval fortrenger arbeidstakarorganisasjonane sin medraderett. NTL vil arbeide for at tillitsvalde har eit ekstra vern i omstillingsprosessar, slik at medraderetten ikkje blir svekt, og at partsrepresentasjonen på arbeidsplassen forblir stabil.

NTL krev at utvikling av verksemdene skjer på ein måte som ivaretek dei tilsette sitt behov for stabilitet og tryggleik. Verksemdene må vidareutvikle arbeidstakarane sin kompetanse og investere i eigne tilsette, mellom anna slik at dei kvalifiserer seg til nye oppgåver i verksemdene ved omstilling. Tilsette skal få tilbod om etter- og vidareutdanning i arbeidstida og ha rett til betalt permisjon. Effektiviseringsprosjekt må gjennomførast innanfor rammene av medraderettsapparatet. Verksemdene bør som hovudregel få behalde effektiviseringsgevinstantane og bruke dei i arbeidet med å utvikle betre tenester.

Avtaleverket må sikre at medraderetten blir ivareteken og utøvd på alle organisatoriske nivå, uavhengig av verksemda sin styringsmodell eller struktur. NTL aksepterer ikkje at arbeidsgivar organiserer seg bort frå medraderett. Respekt for og oppfølging av lov- og avtaleverket er ein nødvendig føresetnad for å få til gode løysingar. NTL aksepterer ikkje at arbeidsgivar svekkar partssamarbeidet ved å einsidig bestemme at drøftingar og forhandlingar skal gjennomførast på digitale plattformer.

Overordna styresmakter har plikt til å gripe inn og følge opp verksemdar som ikkje følger reglar og intensjonar i avtaleverket. NTL krev reelle sanksjonar mot verksemdar som bryt hovudavtalane.

I statleg sektor blir store og viktige avgjerder for arbeidstakarane tekne i etatsstyringsdialogen mellom departement og underliggande etatar, ei styringslinje der arbeidstakarane ikkje er representerte. NTL krev at arbeidstakarorganisasjonane får ein formalisert rett til å delta i etatsstyringsdialogen. Medraderett på tvers av departementsområde må sikrast. Einsidige avgjerder tatt av arbeidsgivar eller løfting av avgjerder til politisk nivå undergrev medraderetten. Det er uakseptabelt at viktige avgjerder for arbeidstakarane blir tekne utan medraderett.

2.3 Arbeidstid

Normalarbeidsdagen skal framleis vere utgangspunktet for organisering av arbeidstida, og alt arbeid utover 07–17 skal kompenseras særskilt. Utviklinga dei siste åra har vist at arbeidsgivarar, direkte og indirekte, i aukande grad krev tilgjengelegheit og arbeid frå arbeidstakarane i deira fritid. Regelmessige lange arbeidsøker og nattarbeid aukar risikoen for helseplager for den enkelte. NTL vil arbeide for å styrke den kollektive styringa og organiseringa av arbeidstida.

Arbeidstidsreduksjonar er eit bidrag til eit meir inkluderande og likestilt arbeidsliv. Redusert arbeidstid vil føre til at fleire kjem i arbeid gjennom deling av arbeidet. Fleire kan arbeide heiltid, og moglegheitene for å stå i arbeid fram til oppnådd pensjonsalder aukar. NTL vil jobbe for ein tariffesta og gradvis reduksjon i arbeidstida med mål om ein 6-timars normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon.

Balansen mellom arbeidstid og fritid er sentral i livet til folk. Det er viktig for NTL å sikre at medlemmene våre kan oppretthalde denne balansen.

Utviklinga i retning av eit meir uklart skilje mellom arbeid og fritid rammar nødvendig logistikk, familieliv og fritidsaktivitetar. Denne tidsklemma bør løysast med arbeidstidsreguleringar, ikkje med individuelle ordningar for heimekontor.

Fleksitidsordningar utgjør arbeidstakarane sin rett til å regulere eigen arbeidstid og skal ikkje misbrukast til å pålegge meirarbeid for å skjule eit reelt bemanningsproblem eller behov for overtid. NTL vil arbeide for at opparbeidd fleksitid ikkje kan strykast. Det må vere strenge restriksjonar på søndags- og heilagdagsarbeid. Ubekvem arbeidstid må vurderast opp mot ulempene for dei tilsette.

Ferielova må tilpassast skift- og turnuspersonell for å sikre at dei tilsette får like lang samanhengande ferie/fritid som tilsette med ordinær femdagarsveke.

2.4 Arbeidsplassutforming

NTL legg til grunn at alle arbeidsplassar blir utforma med omsyn til eit forsvarleg arbeidsmiljø, i tråd med føremålsparagrafen i arbeidsmiljølova. Opne landskap, aktivitetsbaserte arbeidsplassar og andre tilsynelatande kostnadseffektive løysingar endar ofte opp med dårlegare arbeidsmiljø, lågare effektivitet og kvalitet, samt auka sjukefråvær. Dette blir dyrare enn innsparingane i arealkostnader. NTL krev at den fysiske utforminga av arbeidsplassane blir tilpassa oppgåvene som skal utførast, ikkje at arbeidet må tilpassast lite gjennomtenkte kostnads- og arealinnsparingar. Arbeidsplassutforminga må ivareta dei tilsette si helse, tryggleik og velferd, og dette må prioriterast framfor kortsiktige økonomiske innsparingar. Publikumsareal må utformast slik at risikoen for vald mot tilsette blir minimert.

NTL krev at forskrifta om arealnorm i statlege bygg blir oppheva, og at fagforeiningane får utvida forhandlingsrett knytt til utforming av arbeidsplassar og arealendringar, både i nye og eksisterande bygg.

Auka bruk av heimekontor skal ikkje føre til forventningar om digital tilgjengelegheit utanfor arbeidstid og ved sjukefråvær eller permisjonar. Sjølv om noko fleksibilitet i moglegheita til å arbeide heimafrå kan vere positivt for enkelte sin livssituasjon, må det sikrast gode, kollektive rammevilkår.

NTL meiner at alle arbeidstakarar skal ha rett til ein fast, fysisk arbeidsplass med eit forsvarleg fysisk arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår. Dette må også gjelde i ein arbeidskvardag som i aukande grad er prega av digitale møte. Arbeid i arbeidstakaren sin heim er ei frivillig ordning som skal avtalast mellom arbeidstakar og arbeidsgivar, ikkje eit effektiviseringstiltak.

NTL krev at både heimearbeid og mobile kontorløyisingar skal vere omfatta av faste, omforente avtalar, retningslinjer og forsikringar.

NTL krev full kompensasjon og dekking av kostnader til utstyr, drift og abonnement ved arbeid heimafrå. Også når arbeid blir utført i arbeidstakaren sin heim, må forsvarlege arbeidsforhold fullt ut ivaretakast i tråd med arbeidsmiljølova sine føresegnar, inkludert både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet.

2.5 Arbeidsmiljø og inkluderande arbeidsliv

NTL vil arbeide for at alle verksemder har ein personalpolitikk som gir rom for tilpassingar til individuelle behov innanfor ramma av kollektive avtalar. Den enkelte arbeidstakar må få auka innverknad på utforminga av eigen arbeidssituasjon. For å nå dette målet må ulike tiltak prøvast ut, til dømes radikal kvotering av funksjonshindra i statlege verksemder eller krav til kor mange funksjonshindra tilsette ei statleg verksemd må ha.

NTL krev at statlege verksemder tek eit særleg ansvar for å rekruttere funksjonshindra. For at funksjonshindra skal få tilgang til arbeidslivet, er det ein føresetnad at arbeidsplassane følgjer prinsippa for universell utforming. NTL skal vere ein pådrivar for eit universelt utforma samfunn der alle kan delta.

Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) bygger på ein tradisjon for samarbeid og tillit mellom styresmakter, arbeidstakarar og arbeidsgivarar, både sentralt og lokalt. Avtalen bygger på ei felles erkjenning av at aktivitet gjennom arbeid fremmar helse, og at tidleg igangsetting av aktive tiltak kan førebygge fråfall frå arbeid. Å få fleire til å stå lenger i jobb blir ikkje oppnådd berre gjennom økonomiske insentiv. Det må vere eit ansvar for den enkelte arbeidsgivar å legge til rette slik at tilsette har ei reell moglegheit til å jobbe lenger.

Staten er landets største arbeidsgivar og har eit særskilt ansvar for å vere ein rollemodell for resten av arbeidslivet. Ein føresetnad for eit inkluderande arbeidsliv er at arbeidsmiljøet er forsvarleg og tilrettelagt, både fysisk og psykisk. NTL skal bidra til eit større fokus på psykisk helse i arbeidslivet med mål om større openheit og toleranse for dette. NTL vil arbeide for ein IA-avtale som omfattar tiltak for redusert sjukefråvær, sysselsetting av funksjonshindra og eit godt arbeidsliv for seniorar.

For å sikre eit inkluderande arbeidsliv må sjukelønnsordninga oppretthaldast, tilretteleggingsplikta i arbeidsmiljølova overhaldast, og arbeidsgivarane må føre ein aktiv seniorpolitikk.

NTL krev at støtteordningar, som til dømes tilpassingstilskot til verksemder og tilskot til funksjonsassistanse, blir aula og gitt som varige tilskot til faste stillingar.

3. EI GOD FORVALTNING

3.1 Forvaltningas rammevilkår

NTL vil kjempe for ein sterk offentleg sektor for å sikre rettferdig omfordeling av verdiskapinga og god og effektiv bruk av våre felles ressursar. Dette blir best ivareteke ved at viktige samfunnsoppgåver blir løyste i offentleg regi, av offentleg tilsette. Offentleg sektor må dimensjonera slik at samfunnsoppdraget kan utførast med høg kvalitet og til det beste for fellesskapet.

Forvaltninga si verksemd er bygd på sentrale forvaltningsverdiar som likebehandling, rettstryggleik, nøytralitet, fagleg uavhengigheit og effektivitet. For at forvaltninga skal kunne etterleve desse verdiane, må verksemdene få tilstrekkelege økonomiske rammer. NTL krev ein sterk offentleg sektor som er underlagt politisk styring med basis i fagleg kompetanse og tillit.

Dei siste tiåra har idear baserte på marknadsstyring lagt viktige premissar for endrings- og styringsreformer i offentleg sektor. Sentrale element har vore mål- og resultatstyring, bestillar/utførar-modellar, oppsplitting av verksemder, auka grad av privatisering og konkurranseutsetting, samt svekking av det offentlege som tenesteytar. Dette kombinert med kutt i driftsbudsjetta for offentleg sektor utan tilsvarande reduksjon i oppgåver, fører til utarming og drift på sparebluss. Over tid vil dette svekke sektoren sitt handlingsrom og evne til å utføre samfunnsoppdraget. Ei slik systematisk nedbygging av kvaliteten i offentleg sektor kan undergrave tilliten til forvaltninga og støtta til velferdsstaten. Mål- og resultatstyring og andre marknadsstyringsprinsipp må derfor avviklast.

NTL krev ei tillitsreform for å styrke offentleg sektor. Marknadsstyringa må erstattast med medbestemming, fagleg kompetanse og tillit til dei tilsette. Regjeringa har ansvar for å endre styringa, finansieringa, organiseringa og arbeidsgivarpolitikken i staten slik at ei tillitsbasert styring på alle forvaltningsnivå blir mogleg. Reforma må sikre at avtaleverket blir følgt, at leiaropplæringa i staten gir kompetanse om statens særpreg og avtaleverk, og at mål- og resultatstyring blir erstatta med politisk styring på overordna mål. Organisasjonsformer som undergrev medbestemming og som er bygde på konkurranse og marknadsstyring må avviklast.

NTL ønsker å sikre likeverdige og gode offentlege tenester i heile landet, som tek omsyn til mangfaldet i befolkninga. NTL er imot å flytte etablerte arbeidsplassar og verksemdar. Dersom arbeidsoppgåver blir flytta, meiner NTL at dei tilsette skal få moglegheit til å halde fram med relevante arbeidsoppgåver på sitt noverande arbeidsstad, og at verksemdene må få tilstrekkelege midlar til omstilling. Nye statlege verksemdar bør som hovudregel etablerast utanfor dei store byregionane for å sikre statlege arbeidsplassar i heile landet.

Konsulenttenester er kostbare, fortrengjer ordinære arbeidsplassar og reduserer over tid verksemda sin eigenkompetanse. Bruken av konsulentar må avgrensast mest mogleg, og staten må arbeide målretta for å bygge opp kompetanse internt.

Norsk forvaltning skal utførast i Noreg. NTL krev, av tryggleiks- og styringsomsyn, at ingen oppgåver blir flytta til utlandet dersom det ikkje er absolutt nødvendig ut frå arbeidets art.

3.2 Styring og ledelse av forvaltninga

Ei god forvaltning er avhengig av gode prinsipp for styring og leiing. Forvaltninga skal løyse komplekse oppgåver og ivareta til dels kryssande omsyn og behov, og har medarbeidarar med svært ulik bakgrunn og oppgåver. Statlege leiarar må ha fagkunnskap om arbeidsområda dei er sette til å leie.

Marknadsstyring i offentleg sektor er ikkje berre eit problem for dei velferdsoppgåvene offentleg sektor skal utføre, men bidreg òg til å undergrave partsamarbeidet og individualiserer krava til dei tilsette sin arbeidsinnsats.

Marknadsstyringsprinsipp svekker folkevalde offentlege forvaltningsoppgåver, dei tilsette si medbestemming og fører til ein mindre effektiv offentleg sektor, der eit omfattande rapporteringsregime flyttar fokus frå kvalitet og samfunnsoppdrag til kvantitet og produksjonsmål. Dette svekker ikkje berre dei tilsette sine rettar, men òg innbyggjarane sin moglegheit til å fremje krav overfor forvaltninga og retten til tenester frå det offentlege. NTL vil jobbe imot ei slik utvikling og krev auka fokus på faglegheit og kvalitet i utføringa av samfunnsoppdraget. Det må utviklast alternativ til marknadsstyringa.

NTL meiner leiaropplæringa må endrast. Leiarar på alle nivå må lære om sektoren sitt særpreg og få opplæring i partssamarbeidet og gjeldande lov- og avtaleverk. Leiing i staten skal basere seg på demokratiske verdiar, partssamarbeid og tillit til dei tilsette. Kunnskapen om korleis verksemdar som oppfyller eit samfunnsoppdrag bør leiast må styrkast.

Dei tilsette sin kunnskap og kompetanse er offentleg sektor sin fremste ressurs og må takast betre i bruk. I staden for unødvendig måling og kontroll, må tilsette få auka tillit til å styre sin eigen arbeidskvardag. HR-trenden i offentleg sektor er kjenneteikna av arbeidsgjevarar som vil utvide styringsretten på ein måte som rammur arbeidstakarane si medbestemming gjennom organisasjonane deira.

Opggaver som tidlegare vart løyste i medbestemmingsapparatet og i parts-samarbeidet vert tekne over av HR-systema. NTL krev at det vert sett i gang eit arbeid for å styrke partssamarbeidet på arbeidsplassen. For å lukkast må HR-trenden med individualisering av arbeidslivet fjernast.

Kvalitet og fagleg skjønn er avgjerande for å sikre innbyggjarane sin rettstryggleik og likeverdige tenester. Ei økonomisering av dei tilsette sine arbeidsoppgaver gjennom målstyring og produksjonsmål representerer ei mistillit som svekker dei tilsette si faglegheit og sjølvstende. NTL vil derfor arbeide mot alle former for individualisering av produksjonsmål. Økonomireglementet i staten må endrast i tråd med dette.

Arbeidstakarane må sikrast mot ulovleg eller uønskt overvaking på arbeidsplassen. NTL vil arbeide mot rapporterings- og målstyringssystem som identifiserer den enkelte og som tek frå dei tilsette innverknad over sin eigen arbeidskvardag. NTL er imot ulike former for individualiserte mål og vurderingar, då dei er subjektive, vilkårlege og hindrar eit likeverdig partssamarbeid. Kartlegging av den enkelte tilsette sin personlegdom og haldningar skal ikkje førekomme.

Hovudavtalene sine formålsparagrafar fastslår at partane skal finne løysingar i fellesskap. NTL ser at arbeidsgivarane i aukande grad prøver å gjere om saker som skal løysast i medbestemmingsapparatet til juridiske spørsmål. Denne rettslegginga av partsspørsmåla undergrev hovudavtalene sitt formål. Dette svekker partssamarbeidet, som er ein av berejlkane i den norske arbeidslivsmodellen. NTL krev at dei tilsette sin erfaring og kompetanse i større grad blir nytta ved omstilling og i utviklinga av verksemdene.

Arbeidsgivarar stiller i aukande grad krav til dei tilsette sin lojalitet og åtferd gjennom verdiplattformer, leiar- og medarbeidarplattformer, husreglar og liknande. Ei slik utvikling er eit forsøk på å utvide styringsretten. Bruken av såkalla faktaundersøkingar aukar. Faktaundersøkingar er arbeidsgivaren sin metode, som marginaliserer partssamarbeidet og vernetenesta, og som er ei trussel mot dei tilsette sin rettstryggleik i tilsettingsforholdet. Konfliktar må søkast løyste på lågast mogleg nivå i organisasjonen gjennom medbestemmingsapparatet, arbeidsmiljøutval og verneombodsordninga. Faktaundersøkingar og liknande prosessar må bli forbodne. NTL krev at arbeidsgivar legg til rette for at alle tilsette skal kunne ytre seg fritt i faglege spørsmål på arbeidsplassen, også som privatpersonar, utan fare for gjengjelding eller sanksjonar.

3.3 Digitalisering

Offentleg sektor har gjennom mange tiår vore blant dei fremste til å ta i bruk moglegheitene som ligg i digitalisering. NTL støttar opp om ei vidare digitalisering av forvaltninga som tek vare på og vidareutviklar innbyggjarane sin tilgang til offentlege tenester, rettstryggleik, arbeidsmiljøet til dei tilsette og omsynet til ei meir effektiv forvaltning.

NTL meiner utvikling og drift av offentlege IKT-tenester må organiserast slik at dei er underlagde demokratisk styring og kontroll. Forvaltning av IKT-systema må reknast som ei statleg kjerneoppgåve. Statlege verksemdar bør utvikle og drive sine fagsystem i eiga regi og ha eigarskap til sin eigen digitale struktur og arkitektur. NTL krev at det blir oppretta ei statleg eigd og driven skytjeneste for behandling og lagring av offentlege data.

Den digitale utviklinga utfordrar føresetnadene for partssamarbeidet. Medråderetten over IT-utviklinga i verksemdene må styrkjast. Ei vellukka digitalisering føreset at verksemdene får tilstrekkelege midlar til utvikling og gjennomføring, og at arbeidet er forankra i medråderettsapparatet. Tverretatlege IT-løysingar må leggjast under medråderett i samsvar med Hovudavtala i staten.

NTL skal arbeide for ei regulering og organisering som tek vare på rettane til arbeidstakarane og tryggingssynet i det framtidige arbeidslivet.

For mange tilsette vil det vere nødvendig med kompetanseheving eller -endring, og NTL krev at arbeidsgivarane set i verk tiltak som gjev dei tilsette høve til å vidareutvikle kompetansen sin.

Offentleg sektor si fremste oppgåve er å gje alle innbyggjarar god hjelp når dei treng det. For fleirtalet av innbyggjarane kan dette i stadig større grad gjerast på digitale plattformer. Dei som ikkje meistrar desse, må få tilbod om brukaropplæring og rettleiing. Digitaliserte løysingar må ikkje hule ut prinsippet om lik tilgang til offentlege tenester. Det offentlege må leggje til rette tenestene sine for innbyggjarar som ikkje nyttar digitale løysingar. Offentlege tenester må vere utforma slik at alle har moglegheit til å få hjelp og bistand gjennom personleg oppmøte eller førespurnader via telefon. Rettleiingsplikta må takast vare på uavhengig av korleis ein tek kontakt med det offentlege.

4. KLIMA, MILJØ OG DET GRØNE SKIFTET

NTL ønsker ei berekraftig utvikling der omsynet til miljø og rettferdig fordeling mellom fattige og rike land set ramma for økonomisk vekst og forbruk. Forbruks- og produksjonsmønster må leggjast om i heile verda. Noregs klimapolitikk og klimamål må vere i tråd med målsettingane i Parisavtalen. Bevaring av biologisk mangfald og reduksjon av klimagassutslepp er overordna mål som må legge føringar på tvers av ulike sektorar òg i Noreg.

Som Noregs største byggherre og innkjøpar må offentleg sektor forplikte seg til klimavennlege løysingar i alle anbodssprosessar. Offentleg sektor skal vere ein pådrivar for utvikling og bruk av ny og miljøvenleg teknologi innan bygg og produksjon. Som oppdragsgivar skal offentleg sektor innrette innkjøpspraksisen sin slik at han fremjar null- og lågutsleppsløysingar og sirkulærøkonomi, samt unngår helse- og miljøfarlege stoff. Offentlege oppdragsgivarar må òg utvikle tiltak for å følgje opp og etterleve klima- og miljøvenlege innkjøp betre.

Transportsektoren er sentral for å løyse miljø- og klimautfordringane. Gods må over frå veg til sjø og bane, og for å nå klimamåla må utsleppa frå alle transportformer reduserast. Likevel er eit ope og trygt vegnett avgjerande for busetjing og næringsutvikling over heile landet. Der det er tryggingmessig forsvarleg, bør vedlikehald og klimatilpassingstiltak på eksisterande vegar prioriterast framfor bygging av nye vegar. NTL ønsker ei omfattande utbygging og opprusting av miljøvenleg kollektivtrafikk, òg utafor byområda. Verksemdene må prioritere miljøvenlege alternativ framfor økonomi når det gjeld jobbreiser. Utbygging av jernbanenettet nordover er avgjerande for busetjing og næringsliv i nord. Nord-Noregbanen må byggjast.

I internasjonalt klimasamarbeid må Noreg vere ein pådrivar for forpliktande avtalar om utsleppskutt. For å ta vare på solidaritet med utviklingsland og dei landa som blir råka hardest av klimaendringar, bør verdssamfunnet bidra til klimatilpassing og grøn utvikling.

Av omsyn til klimaendringar må ei rettferdig omstilling av olje- og gassnæringa planleggjast med mål om ei framtidig utfasing av fossile ressursar. Lofoten, Vesterålen, Senja og andre sårbare område må få varig vern som petroleumsfrie soner. NTL vil arbeide for at det ikkje blir opna nye olje- og gassfelt på norsk sokkel.

Klima- og miljøavgifter er ein sentral berebjelke i klimapolitikken. Dersom vi skal nå klimamåla, må det bli dyrare å sleppe ut klimagassar. Den sosiale profilen i klimapolitikken må tryggast gjennom eit omfordelende skattesystem og ein sterk velferdsstat, ikkje kutt i avgiftene.

For å arbeide for eit betre miljø bør Noreg vere i front for å starte opprydding av plast i havet og avgrense utsleppet av mikroplast i havet. Noreg skal arbeide aktivt for at militære utslepp frå alle land blir rekna med i dei nasjonale klima- og miljørekneskapa.

På same måte som staten har lagt til rette for at oljenæringa har kunna vekse gjennom ein aktiv næringspolitikk og reguleringar, må staten no legge til rette for ein overgang til framtidsrette, klimavennlege næringar. Norsk næringspolitikk må bygge vidare på det beste av norsk industribygging for å kunne skape nye, grønne næringar. Næringspolitikken bør støtte opp under grønne næringar som på sikt vil bli lønsame.

Norsk næringspolitikk må ha som overordna mål å bidra til omstilling til eit nullut-sleppssamfunn og utnytte moglegheitene omstillinga gir til verdiskaping og nye arbeidsplassar. Det er store moglegheiter i det grønne skiftet, og Noreg har både kompetanse, kapital og teknologi til å lukkast. Myndigheitene må ta ei aktiv rolle i omstillinga og legge til rette for innovasjon og næringsutvikling. Den grønne omstillinga må gjennomførast på ein måte som tek vare på viktige naturverdiar og omsynet til samiske næringar og interesser.

NTL krev minst 100 000 nye arbeidsplassar, for eksempel innan batteriproduksjon, havvind, hydrogen, karbonfangst og -lagring, prosessindustri og skog- og trenæringa. Når staten bidreg med kapital til næringsutvikling, må det vere ein føresetnad at dei nye jobbane fører til store utsleppskutt.

For å bidra til det grønne skiftet ønsker NTL at Statens pensjonsfond utland, kommunale fond og andre offentlege og private investorar trekker investeringane sine ut av fossilindustri, og heller satsar på grønne alternativ og slik bidreg aktivt til betre klimaløysingar. Det offentlege må sette av meir ressursar til forskning på og utvikling av meir effektive, fornybare og miljøvenlege måtar å skaffe, omforme og bruke energi på i omstillinga mot nullutsleppssamfunnet.

Noregs naturressursar og infrastruktur må eigast og forvaltast av det offentlege. Straum er eit grunnleggjande behov for både innbyggjarar og industri, og staten må sikre føresetnader for at det grønne skiftet kan realiserast. Det kan ikkje eksporterast kraft på ein måte som rammur forsyningstryggleiken og ein viss føreseieleg pris for både hushald og verksemdar.

Arbeidsgivarar og arbeidstakarar bidreg saman til ei kontinuerleg kompetanseheving og utvikling av norske verksemdar. Skal vi lukkast med det grønne skiftet og framtidige omstillingar, må partane i arbeidslivet samarbeide godt, ha faste og trygge jobbar og leggje til rette for ei kompetanseheving og -dreining som inkluderer, ikkje ekskluderer, dei tilsette. Staten må skape tryggleik for omstilling, tryggleik for verksemdene og tryggleik for enkeltmenneske. Dei som står i midten av omstillinga, skal ikkje måtte ta kostnadene sjølve – det er fellesskapets ansvar.

5. HØGARE UTDANNING OG FORSKING

Utdanning og forskning er grunnlaget for vidareutvikling av demokrati og velferd. Lik rett til utdanning er derfor eit grunnleggande demokratisk prinsipp. Høgt utdanningsnivå, sjølvstendige fagarbeidarar med høg kompetanse og eit velferds-samfunn med små skilnader er ein konkurransefordel. Offentleg utdanning skal vere gratis.

Overordna styring og finansiering av utdannings- og forskingssektoren er eit offentleg ansvar. Universiteta og høgskulane skal vere demokratisk styrte statlege forvaltningsorgan. Andre tilknytingsformer med vekt på økonomiske insentiv undergrev sektoren sitt samfunnsoppdrag. Prioritering må gjerast på bakgrunn av samfunnets behov og må ikkje underordnast kommersielle omsyn. Internasjonalisering av utdanning og forskning må bygge på samarbeid mellom ulike nasjonale utdanningssystem, og utdanning må ikkje gjerast til ei handelsvare.

Universitetsdemokratiet må styrkast. NTL meiner vald leiging skal vere hovudmodellen i sektoren. Tilsette og studentar må framleis ha ei betydeleg rolle i styringa av universitet og høgskular.

Finansiering av universitet, høgskular og forskingsinstitutt må støtte opp under den frie forskinga. NTL krev at det med nye oppgåver følger friske midlar. NTL krev at ein større del av finansieringa blir gitt som grunnløyving, slik at det går ut over av den resultatbaserte delen. Det må sikrast finansiering som er uavhengig av konkurranse eller næringslivet sine prioriteringar. NTL krev at løyvande myndigheiter gir forskning eit økonomisk løft, med mål om at Noregs samla forskings- og utviklingsinnsats blir på tre prosent av BNP.

Stipendiatar, postdoktorar og andre mellombels tilsette i universitets- og høgskulesektoren har alle særlege utfordringar i sine arbeidsvilkår. NTL meiner derfor at sektoren må arbeide for betre arbeidsvilkår for desse gruppene.

Ein større del av forskingsmidlane må kanalisert direkte til institusjonane og ikkje gjennom Noregs forskingsråd eller EU. Den sterke vekta på resultatbasert finansiering har skapt usunn konkurranse som hindrar samarbeid både mellom institusjonar og innan institusjonane. NTL krev at ein større del av midlane i Noregs forskingsråd går til forskning som er sett i gang av forskarane sjølve.

Offentleg finansierte forskingsinstitusjonar som universitet og høgskular, samt forskingsinstitutt, må vere dei største bidragsytarane til forskning på vesentlege samfunnsoppgåver. Forsking må få grunnløyvingar som er tilstrekkelege til å vareta forskarane si faglege utvikling. Forsking må finansierast slik at institutta er konkurransedyktige, med tilstrekkeleg og føreseieleg finansiering.

Ressursar og oppgåver må først tilbake frå direktorat til verksemdar. Dei sjølvforvaltande universiteta skal sikrast eigarskap til eigne bygg.

Det er viktig at utdanningssystemet vårt òg tek omsyn til endringane i samfunnet, vaksne studentar, næringslivet og offentleg sektor sine behov for utdanning, forskning og utvikling i distrikta. Dette for å sikre og vidareutvikle ein desentralisert forskingsaktivitet, slik at dei desentraliserte utdanningane er forskingsbaserte, og at distriktsamfunna blir inkluderte i samfunnets forskings- og utviklingsarbeid. Dei store geografiske skilnadene i utdanningsnivå må motverkast med aktive politiske tiltak. Finansiering av utdanningsinstitusjonane må bidra til å oppretthalde eit desentralisert studietilbod.

Hovudregelen må vere at vitenskaplege stillingar er delte mellom undervisning, forskning, utviklingsarbeid og formidling, slik at forskingsbasert undervisning blir sikra. Den individuelle forskingsretten må styrkast, og den akademiske fridomen må ivaretaast både ved universiteta, høgskulane og i instituttsektoren. NTL meiner arbeidstid for vitenskapleg tilsette òg bør omfattast av kollektive arbeidstidsføresegner. NTL er mot nasjonale prøver i høgare utdanning fordi det utfordrar prinsippet om fagleg autonomi.

Eit godt læringsutbytte krev eit heilskapleg og inkluderande læringsmiljø som tek omsyn til faglege, sosiale og velferdsmessige forhold. Studentane skal sikrast rett til medverknad. Deira primære velferd, inkludert eit trygt bumiljø, gode helse- og rådgjevingstenester, sunn mat og eit tilpassa barnehagetilbod, skal ivaretaast av studentsamskipnadene. Studentane må sikrast eit rimeleg og godt butilbod i nærleiken av studiestaden. For å få dette til må studentsamskipnadene bygge minst 3000 nye studentbustader per år for å møte det reelle behovet. Kostnadsrammene må aukast og indeksregulerast årleg, òg for gitte tilsegner. Tilsegner må òg bli gitt for å vedlikehalde allereie eksisterande studentbustader. Tilskotsdelen skal settast til 50 prosent av kostnadsramma, og kostnadsramma og tilskotsdelen skal vere like over heile landet.

Ei gunstig studiefinansiering må sikre at alle har lik rett til utdanning, uavhengig av alder, kjønn, økonomi eller sosial situasjon. NTL er motstandar av skulepengar og søknadsgebyr i høgare utdanning, òg for internasjonale studentar og etter- og vidareutdanning. For å skape tryggleik og føreseielegheit må studiefinansieringa knytast til grunnbeløpet i folketrygda. Å vere student er ein fulltidsjobb. Det må vere mogleg å leve på studiestøtta frå Lånekassen.

NTL krev ei politisk styrt rente på studielån og studiestøtte på minst 1,5 G, der 70 prosent skal gis som stipend. NTL meiner at all utdanning har verdi, og at omgjerung av stipend ikkje skal knytast til gjennomføring av ein grad. Ubalanse mellom kjønn på ulike studieretningar forsterkar kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden. Tiltak for å motverke denne ubalansen innan enkelte studieretningar, som for eksempel kjønnspoeng og kjønnskvoltering ved opptak, er derfor positive.

Funksjonshindra er underrepresentert i høgare utdanning. Studiesteder og kommuner må bli betre på å tilrettelegge studiekvardagen til funksjonshindra studenter, både gjennom betre tilrettelegging ved studiestadene, og ved at tilboda til kommunane er tilstrekkelege, særleg i form av brukerstyrt personleg assistanse (BPA).

Folkehøgskulane er eit viktig supplement til ordinære utdanningsløp og må sikrast trygge rammevilkår.

Kunnskap er ei viktig kjelde til innverknad og bidreg til at kvart enkelt menneske aktivt kan delta i samfunnet. NTL meiner derfor at forskning og utdanning først og fremst er eit felles ansvar som bør skje i regi av offentleg sektor. Offentleg finansiert forskning bør i størst mogleg grad publiserast opent tilgjengeleg.

NTL vil motsette seg at utdanning som blir finansiert av offentlege midlar skal kunne gje grunnlag for utbytte.

Høgare yrkesfagleg utdanning er for lite utbygd og må i større grad gjerast jamgod med anna høgare utdanning. Fagskule har ei viktig rolle som sjølvstendig utdanningsveg og som tilbydar av etter- og vidareutdanning.

6. VELFERD, LIKE MOGLEGHEITER OG FELLESKAPSLØYSINGAR

6.1 Velferd og like moglegheiter

Velferdsstaten er fundamentet for eit godt og demokratisk samfunn. Velferdsstaten må vere sterk og føreseieleg, samstundes som han stadig må utviklast for å møte folks behov. Alle skal ha like moglegheiter til deltaking i skule og utdanning, tilgang til gode og tilpassa helse- og velferdstenester og eit sterkt sosialt og økonomisk tryggingnett. Tannhelse må likestillast med andre helsetenester.

Folketrygda sine ytingar må opp på eit nivå som gjer det mogleg å leve eit fullverdig liv. Ytingar frå folketrygda må vere rettsbaserte og omfatte alle. Fleire barn enn tidlegare lever i familiar med vedvarande låg inntekt. NTL skal arbeide for ei uføretrygd som gjev tryggleik og føreseielegheit og som bidreg til å jamne ut skilnader. Ei auke av barnetillegget i uføretrygda vil bidra til å kjempe mot barnefattigdom. NTL vil auke barnetrygda og behalde denne som ei universell ordning. NTL vil jobbe for at pleiepengar ikkje skal vere tidsavgrensa.

Tillit til skattesystemet er avgjerande for folks vilje til å betale skatt. Dei offentlege inntektene avheng av at skattlegginga blir oppfatta som rettferdig. NTL meiner at skattesystemet i større grad bør bidra til utjamning, med auka skatt for dei med høgast inntekt, formue og aksjeutbytte.

Skattlegging må skje i det landet inntektene oppstår, og norske styresmakter må ta initiativ til å utvikle folkeretten for å kjempe mot skatteflukt og skatteparadis.

Veksten i offentleg sektor bør minst vere på nivå med veksten i privat sektor. Offentleg og privat sektor er gjensidig avhengige av kvarandre for å fungere. Velferdsstaten sikrar lik rett til utdanning, helse- og andre velferdstenester, samstundes som han legg til rette for at privat sektor utviklar seg. Offentleg sektor legg til rette for at folk kan kombinere arbeid og omsorgsoppgåver. Dette fremmer likestilling og ei meir rettferdig fordeling.

Å ha ein trygg stad å bu er ein grunnleggande føresetnad for eit godt liv. Stat og kommune må påleggast og gis økonomisk moglegheit til å vidareutvikle modellar for sosial bustadbygging. Dette kan gjerast best i tett samarbeid med Husbanken og Statens pensjonskasse, slik at dei har konkurransedyktige vilkår samanlikna med private aktørar. Til dømes gjennom modellar som «frå leige til eige» og insentiv for førstegongskjøparar.

6.2 Privatisering og utskiljing

NTL vil kjempe for ein sterk offentleg sektor for å sikre rettferdig fordeling av verdiskapinga og god og effektiv bruk av våre felles ressursar. Dette blir best ivaretatt ved at viktige samfunnsoppgåver blir løyst i offentleg regi, av offentleg tilsette. Vegar, jernbane, lufthamner, straumnett og breiband er døme på infrastruktur som best blir organisert gjennom fellesskapsløysingar, samstundes som det er avgjerande for næringsutvikling i heile landet. NTL vil derfor kjempe for å styrke og utvide offentleg sektors ansvar for sentrale samfunnsoppgåver.

Privatisering av statlege tenester eller myndigheitsutøving skal ikkje førekomme. Offentlege midlar skal komme innbyggerane til gode og ikkje gå til profitt hos private tenestetilbydarar. NTL vil forby profitt på velferdstenester. Privatisering, nedsal og reduksjon i offentleg eigarskap og oppsplitting av verksemder fører til uforutsigbarheit for brukarar og tilsette, svekka lønn og pensjon for tilsette, og dårlegare demokratisk styring. NTL krev stans i all privatisering, utskiljing og konkurranseutsetting av offentlege oppgåver, arbeidsplassar og infrastruktur. Der offentlege oppgåver allereie er privatiserte, konkurranseutsette eller skilde ut, må dette reverserast. NTL er imot utstrekt bruk av kjøp av tenester som erstatning for å løyse oppgåver i eigen regi og med egne faste tilsette.

Statlege verksemder har eit særleg samfunnsansvar i samband med anbudsprosessar. Dette gjeld ikkje minst ansvaret for å sikre gode arbeidsvilkår. NTL meiner at det skal vere krav om tariffavtale i alle offentlege innkjøp.

6.3 Arbeidslivskriminalitet og svart økonomi

NTL vil aldri akseptere svart økonomi, sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og menneskehandel. Sosial dumping gir dårlege arbeidsvilkår for dei som blir ramma direkte og fører til svekking av rettar i heile arbeidslivet. Offentlege verksemder må styrke samordninga av arbeidet mot sosial dumping.

Offentleg sektor skal ikkje kjøpe varer og tenester frå verksemder som driv med sosial dumping, og bør krevje at leverandørar i bransjar med behov for læreplassar nyttar lærlingar. Staten har ei særskild rolle som Noregs største innkjøpar og byggherre. NTL krev at alle innkjøp av varer og tenester skal gjerast frå leverandørar som kontrollerer at lønns- og arbeidsvilkår hos sine underleverandørar samsvarer med krav i lov, forskrift og avtaleverk.

Økonomisk kriminalitet fører til urettmessig og uønskt fordeling av ressursar i samfunnet og er grunnlag for sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og anna alvorleg kriminalitet. Kampen mot skatteunndraging og anna økonomisk kriminalitet må styrkjast. Det er nødvendig med eit betre samarbeid mellom offentlege etatar, og tilstrekkelege ressursar må prioriterast til dette arbeidet. NTL krev at kontroll-etatane, politiet og straffesaksjeda får nok ressursar til å forfølgje og stoppe arbeidslivskriminalitet og svart økonomi. NTL krev at A-krimsentra får tilstrekkelege ressursar og lovheimlar til å innhente og dele nødvendig informasjon.

6.4 Mangfald og likeverd

Noreg er eit fleirkulturelt samfunn der mangfald er ein del av kvardagen. God integrering er avgjerande for at kultur mangfaldet skal gjere samfunnet vårt rikare på kunnskap, språk, meiningar og livssyn. NTL vil kjempe mot ei utvikling der arbeids-løyse og store økonomiske skilnader mellom grupper skaper grobotn for sosiale underklassar, segregering, framandhat og rasisme. NTL krev at alle asylsøkarar og ureturnerbare får rett til å arbeide, og at introduksjonsprogrammet for flyktningar blir styrkt når det gjeld fagforeningane si rolle og viktigheita av å organisere seg.

God språkopplæring er avgjerande for å få til eit godt integreringsarbeid. Denne opplæringa bør vere relevant ut frå kompetansen innvandarane har med seg til Noreg og framtidige jobbmoglegheiter. Det skal vere mogleg å kombinere språk-opplæringa med arbeidspraksis. NTL krev betre kartlegging og bruk av asylsøkarar og flyktningar sin kompetanse, og ei sterkare satsing på norskopplæring. Språk-opplæring bør vere eit gratis tilbod til alle med utanlandsk opphav som er busett i Noreg. Det er òg behov for betre og raskare godkjenningsordningar for både formell og uformell kompetanse for innvandarar.

Staten som arbeidsgjevar har eit særskild ansvar for å rekruttere arbeidstakarar slik at arbeidsstyrken speglar samfunnet vårt. Diskriminering ved tilsettingar er ulovleg og skal ikkje skje. Representantar i tilsettingsråd og innstillingsråd må få opplæring i diskrimineringslovverket. Det bør tilstrebast at personar med minoritetsbakgrunn deltek i tilsettingsprosessar.

NTL ønsker eit opent og inkluderande samfunn og vil kjempe mot alle former for diskriminering og rasisme. NTL ser med uro på framveksten av høgreekstreme organisasjonar som kjem med hatefulle ytringar mot grupper av menneske i Noreg. Slike organisasjonar og nettsider bør ikkje få støtte frå det offentlege. NTL skal vere med på å kjempe mot rasisme og fascisme og vil òg bidra til eit politisk ordskifte som ikkje fremmar polarisering, framandfrykt og intoleranse gjennom negative framstillingar av urfolk, innvandarar og flyktningar. Ingen skal bli utsette for hatkriminalitet og vald på grunn av hudfarge, opphav, legning, funksjonsvariasjon eller kjønnsuttrykk. NTL skal arbeide målretta for å sikre at alle blir behandla likeverdige. Retten til å søke om permanent opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag må ikkje bli avgrensa av inntekt. Arbeidsstyrken og dei tillitsvalde bør spegle mangfaldet i befolkninga, og vi må bidra aktivt til at alle blir behandla likeverdige. Formelle og faktiske hinder må identifiserast og fjernast.

NTL krev at minst éin arbeidssøkar med minoritetsbakgrunn som er kvalifisert og oppfyller krava, skal bli kalla inn til intervju i statleg eigde bedrifter, kommunale og private verksemder.

6.5 Likestilling

Likestilling handlar om grunnleggande maktstrukturar i samfunnet. NTL vil kjempe for at alle skal ha reell likestilling og dei same lovfesta rettane, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. I Noreg i dag har kvinner og menn stort sett dei same lovfesta rettane, men det er framleis langt igjen til full likestilling.

Lova om likestilling mellom kvinner og menn er svekt og omgjort til ei allmenn diskrimineringslov. Så lenge vi ikkje har full likestilling mellom kjønna, vil NTL krevje at lova om likestilling mellom kvinner og menn blir gjeninnført og styrkt.

Foreldrepermisjon er eit gode for barn og foreldre, men òg for norsk arbeidsliv. Gunstige permisjonsordningar sikrar høg yrkesdeltaking blant kvinner. Fedrekvoten bidreg til å fremme likestilling i arbeidslivet. NTL krev at fedrekvoten minst blir oppretthalden på dagens nivå. At både mødrer og fedrar har permisjon, aukar ordninga si legitimitet hos arbeidsgivarane. NTL krev at kontantstøtta blir fjerna.

Dei fleste i Noreg kan leve gode og opne liv utan å bli utsette for intoleranse, trakassering og diskriminering. For personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet, kan openheit by på ein utfordrande arbeidskvardag. NTL meiner at det er ei styrke for alle verksemder å ha medarbeidarar av fleire kjønn og å respektere kjønns mangfald. Bedrifter og arbeidsplassar skal vere frie for diskriminering, og haldningsskapande arbeid er derfor essensielt for deltaking og for å hindre forskjellsbehandling. For å bidra til dette skal temaet kjønns- og seksualitets mangfald vere ein del av opplæringa for tillitsvalde og verneombod.

Vald mot kvinner er eit stort samfunnsproblem. NTL vil arbeide for at innsatsen mot vald mot kvinner, vald mot barn, vald i nære relasjonar, netthets, seksuell trakassering og seksualisert vald blir intensivert. Ordninga med krisesenter må styrkast, og politiet og rettsvesenet må få betre ressursar og prioritere førebygging av vald, spesielt i nære relasjonar. For å betre hjelpa og førebygginga av kjønnsrelatert vald er det nødvendig med eit kompetanseløft i vaksenopplæringa. Tilbodet om gratis juridisk rådgiving for kvinner som blir utsette for vald, må byggast ut. Kampen mot prostitusjon og menneskehandel må prioriterast, sexkjøpslova må oppretthaldast, og hjelpetiltaka må styrkast. Ofre for menneskehandel må få sterkare rettsvern og vern, samt varig opphaldsløyve.

6.6 Aktivt og førebyggjande arbeid for likestilling og mot diskriminering

NTL krev auka førebyggjande innsats for å sikre likestilling og hindre diskriminering og trakassering. Aktivitets- og utgreiingspliktene(AUP) etter likestillings- og diskrimineringslova gir arbeidsgivarar ei lovfesta plikt til å arbeide for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Desse pliktene må styrkast.

NTL krev at alder vert inkludert som eit grunnlag i aktivitets- og utgreiingspliktene, og at det blir stilt strengare krav til oppfølging av arbeidsgivarane sitt aktive likestillingsarbeid. NTL må bidra aktivt til å hindre diskriminering og sikre likestilling. Vi vil arbeide for auka kunnskap om aktivitets- og utgreiingspliktene blant arbeidsgivarar og tillitsvalde.

6.7 Skule og barnehage

Gode barnehagar er eit viktig velferdsgode for å sikre barn ein god start på livet. Kvaliteten i barnehagen må tryggast gjennom god bemanning, med både tilstrekkeleg tal på barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar, og gjennom stabile offentlege løyvingar som held maksprisen så låg som mogleg. Eit godt barnehage-tilbod med leik, læring og sosialisering gir ein god inngang til skulegang og utdanning. Studentsamskipnadene sine barnehagar må reknast som ideelle barnehagar. NTL krev at det blir innført løpande barnehageopptak over heile landet.

Ein sterk offentleg fellesskule er grunnlaget for eit fritt og rettferdig samfunn med like moglegheiter for alle. Skulen må gi alle nødvendige kunnskarar for å kunne skape gode liv og bidra til samfunnet ved å støtte kvar enkelt elev sine evner og behov. Første klasse skal primært vere ein arena for leik, fysisk utfolding og trivsel. NTL støttar innføringa av gratis skulemat i grunnskulen. Arbeidslivskunnskap må inn i skulen sine læreplanar. Skulen må vere livssynsøytral. Talet på privatskular må holdast på eit minimum. Samstundes må skular som diskriminerer på bakgrunn av hudfarge, bakgrunn, tru, kjønn, seksuell orientering og kjønnsidentitet miste retten til statsstøtte. NTL er motstandar av systemet med fritt skuleval og vil arbeide for at det blir innført alternative opptaksmodellar der ikkje karakterane åleine avgjer kva vidaregåande skule ein kan gå på.

Retten til 13-årig grunnopplæring må vere reell ved at alle får moglegheit til å fullføre utdanningsløpet, uavhengig av studieretning og sosial bakgrunn. Fagutdanning og studieførebuande utdanning må sikre ein brei og relevant inngang til arbeidsmarknaden som gir moglegheiter for å møte teknologisk utvikling og ruste den enkelte for eit arbeidsliv i rask endring. Moglegheitene til å ta fagbrev må gjerast tilgjengelege for fleire, òg dei som har fullført vidaregåande opplæring. NTL krev fleire lærlingplassar i alle offentlege verksemder og at alle offentlege anbod, der det er mogleg, har krav om lærlingar. NTL krev at alle lærlingar i offentlege verksemder skal ha lønn i heile lærlingperioden. Staten og alle verksemder som er heilt eller delvis finansierte av statlege midlar må i større grad enn i dag legge til rette for at fleire fagarbeidarar blir utdanna. Elevar som har rett til vidaregåande opplæring, må få gratis skulemateriell og fullstipendierte utdanning.

Representantar for arbeidstakarorganisasjonane må få fullverdig styrerepresentasjon i opplæringskontora sine styrer. Dimensjoneringa i vidaregåande skule må i større grad ta omsyn til moglegheiter for å få lærlingplass.

Fylkeskommunen må systematisk rekruttere nye lærebedrifter i samarbeid med partane i arbeidslivet gjennom Yrkesopplæringsnemnda. Elevar og lærlingar må ha samme rett til rådgjeving. Det er behov for meir praksisopplæring i programfaga.

For å fremme livslang læring er styrking av opplæring i regi av bibliotek, frivillige og ideelle organisasjonar og studieforbund viktig. Livslang læring gir menneske moglegheiter, styrker demokratisk deltaking og bidreg til inkludering. NTL krev at lågterskeltilbod og ikkje-formelle opplæringsarenaer blir styrkte.

6.8 Kultur

Eit aktivt og mangfaldig kulturliv er viktig for å gi liva våre eit rikare innhald. NTL vil arbeide for å auke forståinga for kunstens og kulturens betydning i samfunnet og for auka kulturelt engasjement. Alle skal ha tilgang til og moglegheit til deltaking i kulturlivet. Dette blir best sikra gjennom offentlege støtteordningar. Å sørge for eit breitt og tilgjengeleg kulturtilbod til barn og unge skal vere eit nasjonalt ansvar. NTL skal jobbe for å sikre gode ordningar som ivaretek dette ansvaret.

Dei nasjonale og regionale kulturinstitusjonane er sentrale for kunstnarisk utvikling og kontinuitet. For at institusjonane skal ha rom til å utvikle kulturen, er det nødvendig med stabil og tilstrekkeleg finansiering. NTL ønsker at 1 % av statsbudsjettet blir sett av til kulturføremål. Ordna lønns- og arbeidsvilkår for kulturarbeidarar og kunstnarar er ein føresetnad for eit velfungerande kulturliv. NTL vil arbeide for å styrke desse gruppene si stilling ved å forhandle fram avtalar som sikrar faste tilsetningar og gode lønnsvilkår.

Språkleg mangfald er ein styrke for Noreg, og NTL vil arbeide for å sikre reell likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette inneber at språkløva blir følgd i praksis, og at det blir gitt god språkoppføring i skulen.

Den samiske kulturen og det mangfaldet som eit fleirkulturelt samfunn inneber, er ei berikning for heile samfunnet, og vi har eit særleg ansvar for å ivareta den samiske befolkninga sitt språk og kultur. Derfor skal NTL arbeide for å synleggjere samiske samfunn og språk. Framtida for dei samiske språka er avhengig av at den enkelte har moglegheit til å lære og bruke samisk, anten på skulen, i arbeidslivet eller i samfunnet elles.

God forvaltning av areal, natur og kulturarv er viktig for å sikre bevaring og utvikling av samisk kultur. Folk må ha moglegheit til å lære og bruke samiske språk. NTL krev at fleire offentlege dokument blir omsette til samisk, ei styrking av samiske organisasjonar og interessegrupper sine arbeidsvilkår og ei styrking av forskning på og formidling av samiske forhold. NTL vil arbeide for å auke forståinga for dei nasjonale minoritetane sin situasjon og for å styrke rammene for vidareføring av deira språk og kultur.

For å fremme livslang læring og leseglede er gratis bibliotek viktig. Gode bibliotek med eit breitt tilbod ivaretek og styrkjer demokratisk deltaking og integrering. NTL krev at biblioteka blir styrkte som lågterskeltilbod til heile befolkninga.

Foreiningar, lag og andre organisasjonar som i hovudsak blir drivne av frivillig arbeid, gjer ein uvurderleg innsats for Noregs befolkning. NTL vil arbeide for betre koordinering og tilgjengelegheit, samt sikre vidareføring av støtteordningar innan frivilligheita.

Pressestøtta er sentral for å oppretthalde mediemangfaldet i Noreg og må styrkast. NTL meiner det er viktig med ein sterk, ikkje-kommersiell allmennkringkastar med redaksjonell fridom. NRK er ein berande institusjon når det gjeld språk, kultur og forvaltning av det frie ordet. NRK må ha ei finansiering som ivaretek uavhengigheit og gir føreseielege økonomiske rammer. For å sikre eit sterkt norsk fagmiljø for innhaldsproduksjon må NRK styrkast som produksjonshus. NRK må vere godt representert i distrikta for å vere i stand til å spegle heile Noreg.

6.9 Samfunnstryggleik og beredskap

Vi må vere i stand til å verne samfunnet mot uønskte hendingar som sett liv, viktige funksjonar og infrastruktur i fare. Beredskapsetatane, saman med totalforsvaret og frivillige beredskapsorganisasjonar, skal hindre angrep på vår nasjonale suverenitet, terroranslag og digitale og hybride angrep. Dei skal sikre energi, mat- og vasstiltførsel og vere vår beredskap mot pandemiar, klimaendringar og naturkatastrofar. Det må derfor leggjast til rette for eit godt samarbeid mellom desse verksemdene og organisasjonane for å sikre beredskapen.

Det militære forsvaret av Noreg må framleis bygge på allmenn verneplikt og desentraliserte militære anlegg som kan forsvare norsk territorium og medverke til stabilitet og fredeleg utvikling. For at den allmenne verneplikta skal vere reell, må dei som utfører teneste utgjere eit tverrsnitt av befolkninga med omsyn til kjønn og anna bakgrunn. Dette er avgjerande både for demokratiet og Forsvaret sin legitimitet i befolkninga. Norsk base- og øvingspolitikk må ikkje bidra til å auke spenningsnivået i våre nærområde. Utlendingar sine styrkar skal ikkje vere fast stasjonerte i Noreg i fredstid. Noreg må bidra til fred og nedrusting gjennom eit forpliktande internasjonalt samarbeid og arbeide for avskaffing av biologiske og kjemiske våpen, samt ratifisering av FN sitt atomvåpenforbod. Norsk deltaking i internasjonale operasjonar må bygge på eit klart FN-mandat og vere innanfor rammene sett av folkeretten.

Politiet er ein viktig beredskapsressurs. Eit mangfaldig politi med sivilt preg er viktig for å ivareta tryggleik og rettstryggleik i handhevinga av samfunnsoppdraget i dag og i framtida. Det er naudsynt å sjå heile straffesakskjeda under eitt, frå politiet, domstolen og kriminalomsorga til konfliktråd og valdsoffererstatning.

Etatane og dei statlege selskapa som i fellesskap skal ivareta samfunnsberedskapen, må styrkast og koordinerast betre på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Sivilforsvaret må framleis vere desentralisert for å kunne ivareta heile landet. NTL meiner det må utviklast ein nasjonal, sektorovergripande langtidspan for totalberedskap.

Staten har behov for eit godt system der tilsette og andre kan tryggingklarast, slik at norske interesser og rikets tryggleik blir ivaretekne. NTL krev at det alltid skal gjerast individuelle heilskapsvurderingar ved klarering av personell. Avgjerda er særns inngripande for den enkelte, og tydelege sakshandsamingskriterium må ligge til grunn for vedtaka. Manglande ressursar hos klareringsmyndigheitene og manglande openheit om korleis regelverket blir handtert, trugar dei tilsette si rettstryggleik.

6.10 Internasjonal politikk og samarbeid

NTL ønsker ei fri og rettferdig verd der alle menneske har like moglegheiter til å skape seg gode liv. Faglege rettar og andre grunnleggande demokratiske rettar må sikrast gjennom rettsleg forpliktande avtalar. NTL skal arbeide for at ILO-konvensjonane blir vidareutvikla, ratifiserte og etterlevde. NTL krev at Noreg skal prioritere å verne barn på flukt framfor innvandringspolitiske omsyn.

Noreg må vere ein pådrivar for å finne internasjonale løysingar for å kjempe mot fattigdom og utnytting og for å realisere berekraftsmåla til FN.

Liberalismen i verdsøkonomien har ført til at kapital og marknadskrefter har styrkt seg. NTL vil arbeide for strengare regulering av finansmarknaden.

Eit sterkare internasjonalt samarbeid for meir rettferdige handelsreglar, sletting av u-landsgjeld og auka bistand er derfor naudsynt. NTL skal halde fram med alliansebygging med aktuelle partnarar for fred og solidaritet. NTL krev at Noreg talar dei fattige landa si sak i WTO og IMF og påverkar Verdsbanken sin utlånspolitikk i ei mindre marknadsliberal retning.

NTL er motstandar av internasjonale handelsavtalar som legg til rette for å styrke kommersiell tenesteyting på ein måte som rammur det offentlege tilbodet.

Noreg blir i aukande grad styrt av EU. Det nasjonale regelverket vårt gjennomgår omfattande endringar for å tilpassast EU-direktiv og handelspolitikk. Dette verker òg inn på dei fleste tenesteområda i offentleg sektor. For å påverke denne utviklinga og forhindre sosial dumping er det nødvendig med samarbeid over landegrensene.

Regjeringa må bruke reservasjonsretten mot EU-direktiv som innskrenkar nasjonale verkemiddel mot sosial dumping og som svekker faglege rettar og velferdsordningar. ILO-konvensjonar, norske tariffavtalar og norsk arbeidslivslovgiving må ha forrang framfor EU/EØS-reglar og EU/EØS-direktiv. NTL går inn for at det blir gjennomført ei utgreiing om alternativ til EØS-avtalen. NTL er tilknytt EPSU, den europeiske samanslutninga av forbund i offentleg sektor, og bidreg med innspel til EPSU. Vidare bidreg forbundet til LO sitt arbeid på området.

7. EIT STERKT NTL

7.1 Organisering og rekruttering

Hovudoppgåva til NTL er å sikre medlemmene trygge, stabile og faste tilsettingsforhold med rettferdige og føreseielege lønns- og arbeidsvilkår. NTL skal vere den beste fagforeininga på arbeidsplassar innafor organisasjonsområdet til NTL.

Breidda til NTL er vår styrke. Vi organiserer alle tilsette i våre verksemdar, uavhengig av utdannings- og yrkesbakgrunn. Denne breidda skapar samhald på tvers av yrkesgrupper og gir NTL eit heilskapleg perspektiv på kva som er nødvendig for å utvikle eit inkluderande arbeidsliv. Ho gir NTL auka legitimitet, både på den enkelte arbeidsplassen og nasjonalt. Ved at NTL gjennom tillitsvalde involverer og aktiviserer medlemmene, skal vi styrke evna vår til å gjennomføre måla vi set oss. Systematisk tillitsvald-arbeid over tid gir resultat for det enkelte medlemmet, kvart enkelt organisasjonsledd og forbundet som heilskap.

Som det største forbundet i staten og eit av dei største i LO, har NTL ei sterk politisk og organisatorisk stilling. For å styrke NTL ytterlegare og auke gjennomslagskrafta vår, må vi organisere fleire arbeidstakarar innanfor våre organisasjonsområde. Det er gjennom høgare organisasjonsgrad og aktive, godt skolerte tillitsvalde at vi kan vere den leiande fagforeininga, og best ivareta medlemmenes lønns- og arbeidsvilkår. Systematisk vervearbeid må prioriterast på alle nivå i organisasjonen, mellom anna gjennom skoling av tillitsvalde og medlemmer. NTL skal organisere og rekruttere fleire medlemmer og tillitsvalde med minoritets- og innvandrarakgrunn.

Jobben med å organisere arbeidstakarar for å bygge fagleg styrke startar på arbeidsplassen. Vellykka organisering og mobilisering er avhengig av ei velfungerande lokal fagforeining eller avdeling med aktive medlemmer og dyktige tillitsvalde som kan ivareta medlemmenes interesser.

NTL skal vere eit naturleg og attraktivt val for potensielle medlemmer. Organisasjonsledda og forbundet må derfor strekke seg etter å vere eit inkluderande fellesskap der alle som deler NTLs grunnhaldningar og verdiar kan kjenne seg heime. Eit godt og inkluderande fellesskap inneber ein kultur som førebygger og slår ned på trakasserande åtferd.

Moglegheitene til å varsle om trakasserande og uønskt åtferd må vere godt kjende i organisasjonen, og det skal opplevast som trygt å seie frå.

Ein stadig større del av arbeidstakarane har høgare utdanning. For å auke organisasjonsgraden er det avgjerande at vi styrker oss i denne gruppa. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi verve fleire studentar og unge arbeidstakarar. Framleis prioritering av NTL Ung, satsing på konkrete vervetiltak i verksemdene og samarbeid innanfor LO er avgjerande for å få dette til.

7.2 Gode tillitsvalde

NTL skal vere eit forbund med godt skolerte tillitsvalde. Skolerte og aktive tillitsvalde er det beste argumentet for å verve og organisere nye medlemmer. Det er dei tillitsvalde som saman med medlemmene ivaretek medlemmenes interesser og skaper aktivitet og engasjement på den enkelte arbeidsplassen. Både i ordinær drift og ved små og store omstillingsprosessar på arbeidsplassen, skal NTL vere eit forbund medlemmene kan stole på. Tillitsvalde sine rettar, vern og arbeidsvilkår må styrkast i hovudavtalene.

NTL gjennomfører fysiske kurs og skoloring for å sikre størst mogleg deltaking for tillitsvalde og medlemmer i ulike livssituasjonar. Digitale kurs og møte blir arrangerte når det er føremålstenleg. Skoloringa må vere relevant for oppgåvene som skal utførast og dei utfordringane ein møter som tillitsvald. NTL krev at retten til tillitsvalde og medlemmer til å delta på kurs og skoloring blir respektert.

Å formulere krav saman med medlemmene er ein sentral del av å vere ein god tillitsvald. NTL skal sette dei tillitsvalde i stand til å ivareta oppgåvene sine gjennom informasjon, skoloring og støtte i det daglege arbeidet.

Det er viktig at tillitsvalde blir rekrutterte breitt for å vere representative og spegle breidda i medlemsmassen til NTL.